TLP:CLEAR

Referat FAU-møte

Tysdag 20.10.2026, Bygstad skule - møterom 2. etg.

FAU møte 18:30-20:00

Tilstades: Stian Neset, Hilde Marie Solheim, Ole Magnus Mo (på telefon), Nienke De Glas, Ingeborg Grinde, Linn Terese Engvik, Sten Ove Båtevik.

Ikkje til stades: Solveig Kårstad.

Sakliste FAU

1. **Konstituering og val av roller**

FAU valgte følgjande roller for skuleåret 2026 – 2027:

- Leiar: Linn Terese Engvik
- Økonomiansvarleg: Nienke De Glas
- SU-representant: Hilde Marie Solheim
- Ansvarleg prosjekt uteområde: Ole Magnus Mo
- Ansvarleg 17. mai: Ingeborg Grinde og Hilde Marie Solheim, med støtte frå Linn Terese

Merknader til rollene:

FAU meiner det er fornuftig at det fast er FAU-representant for 6. og 7. klasse som er 17. mai ansvarlege i FAU, ettersom mykje av ansvaret (mat og rigging/rydding) ligg til desse trinna.

Nienke treng innføring med tidlegare økonomiansvarleg Håvard Korsvoll for å ta over dette ansvaret. Etter møtet er det avklart at Håvard lagar økonomiinstruks.

Ole Magnus og Ingeborg tek separat gjennomgang av status på prosjekt uteområde.

Linn Terese tok opp risiko for eigen «inhabilitet» som leiar dersom det skulle dukke opp saker som angår lærarar ved skulen, gitt at ho er gift med Knut Berge som er kontaktlærar. Dersom slike saker skulle oppstå vil ho trekkje seg ut av saka. Ole Magnus meldte seg som nestleiar i slike tilfelle.

2. **Status uteområde mv.**

Det er noko behov for vedlikehald på apejungelen og hytta som tidlegare stod i skogen. Vidare er det ønskje om å få laga eit sykkelstativ med takoverbygg. FAU diskuterte at dette truleg kan lagast på dugnad og dermed ikkje innebere store kostnader (utover avgrensa materialkostnad).

TLP:CLEAR

FAU ønskjer å legge til rette for at ein kan engjasjere pensjonistar eller andre i bygda som ønskjer å bidra til slikt arbeid, då ein tidlegare har fått innspel frå enkelte som har uttrykt at dei ønskjer å bidra.

Når det gjeld prosjektet med nytt leike/klatrestativ mv. har FAU tidlegare fått innhenta tilbod frå to ulike leverandørar, og har no ca. kr. 400 000 tilgjeneleg. FAU var einige om at målet bør vere å ta ei endeleg avgjerd og inngå avtale med leverandør før nyttår, slik at arbeidet kan starte til våren. Ole Magnus følgjer dette opp, og koplar andre på ved behov.

3. **Omorganisering Sunnfjord kommune**

Stian informerte om forslaget til omorganisering i kommunen, og FAU diskuterte saka.

Forslaget legg opp til eit tredelt nivå på organisering, der ein under kommunalsjef for oppvekst får seksjonsleiarar for hhv. skule og barnehage, og rektor under dette. Forlaget inneber at Bygstad skule og barnehage er lagt inn som ei eining, og ein får seksjonsleiarnivået som eit nytt mellomledd mellom rektor og kommunalsjef for oppvekst. Forslaget er grunngjeve i økonomi, både langsiktige innsparingar knytt til den demografiske utviklinga i kommunen og det å ha betre økonomisk kontroll.

Stian informerte om rektor og dei tilsette ved skulen sine synspunkt, særleg knytt til nærleiing og skule-heim samarbeidet.

4. **Smarttelefonfri barndom**

Ingeborg informerte om at Jeanette Haugbsø har meldt at ho framleis ønskjer å engasjere seg i dette prosjektet, sjølv om ho ikkje lenger sit i FAU. Jeanette ønskjer ein kontaktperson i FAU, og Nienke meldte seg til dette.

5. **Nasjonale prøver**

Stian gjekk gjennom resultata på nasjonale prøver for 5. trinn. Både i engelsk, rekning og lesing er resultata gode, med få eller ingen elevar på lågaste nivå. Det er god motivasjon for lesing blant elevane på heile skulen.

6. **Ymse**

Møteplan for året: FAU ønskjer eitt møte til før nyttår, der ein vedtek val av leverandør til uteområdet. Tentativ møtedato tysdag 24. november, så sant ein innan dette har kome langt nok til å ta ei avgjerd.

SU-møte blir normalt gjennomført i januar, og ein legg opp til det også dette skuleåret.

FAU disktuerte elles at det i samband med bygdekvelden på skulen 26. november er viktig å kommunisere tydeleg at midlane som kjem inn både går til Redd Barna, og til skulemiljøtiltak.